
Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 21. februar 2017 08:36
Til: teknisk@lindas.kommune.no
Emne: VS: Bustadfeltet i Alvermarka treng vedlikehald på sine regulerte offentlege opparbeide snarvegar og gangvegar

Fra: Hans Kenneth Sundsbø [<mailto:sundsbo.fpk@gmail.com>]

Sendt: 20. februar 2017 21:12

Til: Postmottak Lindås

Kopi: Astrid Aarhus Byrknes; Hogne Haugsdal


Emne: Bustadfeltet i Alvermarka treng vedlikehald på sine regulerte offentlege opparbeide snarvegar og gangvegar

Til Lindås
Kommune
20.02.2017

Alvermarka

Bustadfeltet i Alvermarka treng vedlikehald på sine regulerte offentlege opparbeide snarvegar og gangvegar

I bustadfeltet i Alvermarka er det mange offentlege opparbeide stiar, snarvegar, gangvegar og trapper som vert mykje brukte i kvardagen, dei er no prega av manglande vedlikehald gjennom lang tid. Alvermarka velforening ber difor om at Lindås kommune tek ein inspeksjon på alle snar- og gangvegar i Alvermarka snarast mogeleg. Dette gjeld alle trapper, snarvegar og andre gangvegar som er regulert og opparbeidd i bustadfeltet i Alvermarka. Reguleringsplanen heiter **Alversund utmark. gnr. 137 bn. 13 m.fl.**, denne planen vart godkjent av kommunestyret den 22.01.1973. Dei regulerte gangvegane ser ein med svart strek i denne reguleringsplanen.



Sjå vedlagt kart nedst i denne e-posten som viser med blå strek kva gangvegar me meiner må haldast i stand.

Opparbeiding av gangvegane vart gjort av Lindås kommune i samband med oppbygging av dette store bustadfeltet på 1970-talet. Desse gangvegane for mjuke trafikkantar har Lindås kommune ansvar for å vedlikehalda og halda i stand, dette på same måte som kommunale køyrevegar i feltet. Det manglar og skilting på desse stadane mange plassar i dag, mange av skilta er gamle, ramla ned eller vanskelege å sjå og tolka for gåande. Dette må og koma på plass no då me elles kan risikera privatisering av desse gangvegane som gjerne er i nærleiken av hus og private tomtar. Folk i heile denne delen av Alversund brukar desse gangvegane når dei går på tur eller besøkjer naboar og venner.

Desse snar – og gangvegane er viktige for alle som bur i Alvermarka, det er naudsynt å prioritera dette anleggsarbeidet våren 2017. Mange stadar er trappane prega av gjengroing

med gras, mose og busker, og eit generelt forfall. Belysninga er heller ikkje godt nok vedlikehalde her. Vegetasjonen bør og fjernast der dette gjer det vanskeleg for gåande å finna snarvegane og føta seg trygt.

Alvermarka [Velforening](#) ber no om at Lindås kommune tek dette på alvor våren 2017 og set arbeidet i gang. Me ber og om tilbakemelding frå rette instans i Lindås kommune innan tre veker kortid kommunen kan gjera dette arbeidet.


Som trafikksikker kommune forventar Alvermarka Velforening at Lindås kommune tek tak i dette snarast, forfallet på desse snarvegane/gangvegane har alt kome for langt, dette arbeidet vart til orientering betre ivareteke på 1980-1990-talet enn i dag. Dette arbeidet her meiner styret bør koma inn i det ordinære vedlikehaldsarbeidet til kommunen. Det er uttrygt å gå på ein del opparbeide gangvegar i dag, det gjeld særleg nokre trappestiar.

Til orientering har folk i Alvermarka og Alvermarka velforeninga kvista og halde desse snarvegane opne så godt som mogeleg mot attgroing, men no synes styret at det vanlege vedlikehaldet her bør gjerast så fort som mogeleg av driftsavdelinga i Lindås kommune.

Alvermarka velforening legg ved eit kart som viser kva kommunalt opparbeide stiar/snarvegar/gangvegar me meiner Lindås kommune må rusta opp og setja i stand våren 2017 i Alvermarka.

Kart med blå strek på som viser dei regulerte gangvegane i Alvermarka:

Gangnegar



Medlemmer i styret tek gjerne ein synfaring saman med Lindås kommune om det er behov for det.

Styret i Alvermarka velforening ser elles fram til vidare samarbeid i saka.

Med venleg helsing

Hans Kenneth Sundsbø
Leiar i Alvermarka velforening

KOPI:

Ordførar i Lindås kommune, Astrid Aarhus Byrknes
Ass. rådmann i Lindås kommune, Hogne Haugsdal